



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 14.05.2018
Vår ref.: 2016/9634
Arkivnr.: 432.1

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Lokal/sentral høyring av framlegg til frivillig skogvern – Hellebrekkene, Tysvær kommune

Grunneigarar i området Hellebrekkene i Tysvær kommune, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Fylkesmannen i Rogaland sender dermed framlegg til vernegrense og verneforskrift for Hellebrekkene naturreservat på samordna lokal/sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneprosessar etter naturmangfaldlova. Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 14. juli 2018.

Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei opptrappinga av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr 14 (2015-16).

I meldingane vert frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledt areal. Formål med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Fylkesmannen i Rogaland, etter tilbod frå grunneigarane i Hellebrekkene, sender med dette ut framlegg om å oppretta Hellebrekkene naturreservat.

Opprettinga av vern gjennom naturreservat er heimla i naturmangfaldlova § 34, jfr. § 37 og § 62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det framlagte verneområdet med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide verneframlegget og har hatt det til fagleg gjennomgang før høyring.

Sakshandsaming

I brev av 08. og 10. august 2016 sende Vestskog, på vegne av grunneigarane på gnr/bnr 138/4, 145/21, 147/1 og 148/1 i Tysvær kommune tilbod om frivillig vern til Fylkesmannen som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Naturverdiane vart kartlagt av Fylkesmannen i Rogaland v/Audun Steinnes og John Inge Johnsen i 2014 og Rådgivende biologer v/ Torbjørg Bjelland og Linn Eilertsen i 2016.

I samråd med Vestskog og Miljødirektoratet om grunnlaget for verneprosessen sende Fylkesmannen ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 16. mars 2018. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat.

Verneframlegget omfattar nå gnr.bnr. 138/4, 145/21, 147/1 og 148/1.

Fylkesmannen vil samanfatta den samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt framlegg til kongeleg resolusjon i statsråd.

Naturverdiar

Framlegget til naturreservat utgjer eit vestleg skogområde med vindpåverka utkantførekomstar av kystfuruskog på Haugalandet. Området strekker seg mellom 50 og 370 m.o.h. frå Smørdal i nord og følger ryggen i sørvestleg retning. Hovuddelen av arealet ligg på austsida av Ringstveitfjellet og Hellebrekkene. Skogsarealet er dominert av fattig furuskog (445daa), lauvskog (601daa) med nokre felt med innplanta gran (84 daa) og anna areal ikkje bonitetsett (36 daa). Både lauv- og furuskogen er i hovudsak hogstklasse 4, med eit alderspenn på 85–120 år for furutrea, noko som tyder på ein tidlegare hogst og bruk av skogsareala. Felta tilplanta med gran er for det meste yngre enn 45 år, der hogstklassane 2 og 3 dominerer.

Ein relativt ung lågurt-beiteskog startar i nord og er bjørkedominert med hassel i rikare parti og svartor og hegg i bekkesiga. Den grasdominerte delen av lia tyder på eit tidlegare beitetrykk. I dette området finst og open naturbeitemark. Lengre opp i lia har bjørkeskogen innslag av selje, og får eit preg av blåbærmark. Her finst større areal med underskog av grov einer som tyder på ein tidlegare open beiteskog. I lia mot nordaust og sørover aust om ryggen er det innslag av gamal furuskog (HB13: F0802) med eit variert kronesjikt. Desse areala er artsfattige, men med artar typiske for fattig vestnorsk kystfuruskog. I tillegg til eldre furuer med vridd krone, og omkrins over 150 cm, finst einskilde større eiker. Det er ein del daud ved av varierende nedbrytingsgrad, både som gadd og læger i dette området.

Berggrunnen er fylitt som berre heilt lokalt gjev eit fruktbart jordsmon med artar som hassel, sølvbunke, sumphaukeskjegg, enghumleblom og einskilde kristtorn. Det finst og vestlege artar som krev råde og milde vintrar, så som taglmose, dronningmose, vengemose, kystlommemose, trøsatemose og kostsatemose. Av fuglar er fjellvåk, musvåk, tårnfalk, dvergfalk, storfugl, dvergspett, kvitryggspett, nattramn (VU) observert, dessutan ikkje-offentlege data om fleire fugleartar.

Andre tilhøve

Det finst noko planta gran i området. Ved skogstakst vart 11 område kartlagt som bestand med gran, til saman 40 daa. Desse ligg i all hovudsak mot yttergrensene for reservatet.

Området i nord er gamal beitemark og hagemark, men er i dag i varierende grad av attgroing med mykje oppslag av blant anna einer.

Praktisk om høyringa

Vedlagt følger framlegg til vernegrense på kart og framlegg til verneforskrift for naturreservat.

Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 14. juli 2018. Eventuelle fråsegn skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: fmropost@fylkesmannen.no.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvern sjef

Einar Heegaard
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Einar Heegaard
Saksbehandlar telefon: 51568872
E-post: fmroehe@fylkesmannen.no

Adresseliste:

NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi	pb. 115	1431	ÅS
NINA - Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgard	7485	Trondheim
Norges jeger og fiskerforbund	pb. 94	1378	NESBRU
NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
Friluftslivets fellesorganisasjon			
SABIMA	Postboks 6784 St. Olavs plass	0130	OSLO
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Vestskog SA			
Arne Størksen	Muségata 89	4010	STAVANGER
Hilmer Hermansen	Nedstrandsvegen 1541	5560	Nedstrand
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norges Bondelag	pb. 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges geologiske undersøkelser (NGU)	pb. 6315 Torgard	7491	TRONDHEIM
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NORSK FRILUFTSLIV	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Geir Jostein Øvrebø	Nedstrandsvegen 1537	5560	Nedstrand
NORSK SAU OG GEIT	Postboks 104	1431	ÅS
UNIVERSITETET I OSLO	Postboks 1072 Blindern	0316	OSLO
Merita Øvrebø	Nedstrandsvegen 1537	5560	Nedstrand
NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
Norsk Ornitologisk forening avdeling Rogaland	Skogsbakken 9	4319	SANDNES
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Sigurd Vestrheim Postboks 1665 Vika	0120	OSLO
Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Allskog			
Elin Tysseland	Muségata 89	4010	Stavanger
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegate 8	0183	OSLO
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO

NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5000	0840	OSLO
NHO REISELIV	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
AVINOR AS	Postboks 150	2061	GARDERMOE N
Severin Myrbakken	Opphusveien 99	2450	RENA
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 dep.	0033	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
NVE Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I ROGALAND	Gamle Jåttåvågen 67	4020	STAVANGER
NORGES IDRETTSFORBUND OG OLYMPISKE OG PARALYMPISKE KOMITÉ	Postboks 5000	0840	OSLO
STAVANGER TURISTFORENING	Postboks 239 Sentrum	4001	STAVANGER
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600 Forus	4036	STAVANGER
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
SKOGSELSKAPET I ROGALAND	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032	Oslo
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
Riksantikvaren	pb.8196 dep.	0034	Oslo
Stadnamntenesta på Vestlandet			
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
Kommunenens sentralforbund	Fylkeshuset, Julsundveien 9	6412	MOLDE
Norsk Botanisk Forening avd. Rogaland	Staffjordsvingene 17	4028	STAVANGER
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
ROGALAND BONDE & SMÅBRUKARLAG	Kyllesveien 59	4308	SANDNES
NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 7072 Majorstua	0306	OSLO
ROGALAND SAU OG GEIT	Postboks 40	4064	STAVANGER
A/S Skog	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Norges Jeger og Fiskerforbund Rogaland	Postboks 313	4291	Kopervik
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Eyvind Lyches vei 23B	1338	SANDVIKA
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
	Naturhistorisk museum		
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
UNIVERSITETET I BERGEN	Postboks 7800	5020	BERGEN